

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 19.00 Til kl. 21.00
Aurland	fjellstyret	Fjordsenteret	23.5.17	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Erling Nesbø, John Håland, May Britt Martinsen, Reidun Bøe Bjørgum, Bjørn Ebne.

Vara-medlemar Ingen

Andre Håkon Øydvin, Harald Skjerdal.

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år
16/17, 17/17, 18/17, 19/17, 20/17.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til
Fjellstyremedlemene og -varamedlemene, Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 23.5.17

Stad: Fjordsenteret

Sak 16/17. Referat og meldingar

Følgjande meldingar vart refererte:

- 1) Møtebok frå fjellstyremøtet den 18. april
- 2) 2.5. Purring frå fjellstyret til NVE på krav om forsterka oppsyn i anleggsperioden
- 3) Stoda når det gjeld CWD:
 - Brev frå LMD den 8.5. som konkluderer med å fjerna heile stamma i N.fjella sone 1
 - Nedsetjing av 7 utval som skal koma med tilrådingar
 - Miljødirektoratet 9. 5. Pålegg om å testa hjortevilt for skrantesjuke
 - Miljødirektoratet 12.5. Dispensasjon – utviding av jakttidai Nordfjella
 - 22.5. E-post frå villreinutvalet til grunneigarar i Nordfjella: Landing med helikopter i samband med uttransport av reinskjøt
- 4) Problem med heimesida til fjellstyret 15. – 22. mai, overføring av domene
- 5) 10.5. E-post frå Statskog SF: Tilskot frå ROU tiltaksmidlar for 2017
- 6) 19.5. Statskog SF. Tilsegn om tilskot til fjellstyra sitt oppsyn i statsallmenning 2017
- 7) 23.5. E-post frå Ål Fjellstyre v/Sigmund Tveitehagen: Framtidige utsikter for statsallmenningane i Nordfjella.
Merknad: Fjellstyret er samd i at det bør koma eit felles innspel frå fjellstyra i Nordfjella til fjellstyresambandet/Statskog SF der me peikar på konsekvensane for økonomien til fjellstyra når mykje av reinsjakta fell vekk. Det ville ha vore nyttig og fått ei juridisk utgreiing, t.d. frå advokatkontoret som fjellstyresambandet nyttar, for å sjå på om det finst erstatningsordningar.
- 8) Dagleg leiar informerte om at Erlend Øydvin kan begynna som sommarvikar i fjelloppsynet frå midten av juni, og jobba fram til midten av august. Grunna stor arbeidsmengd utover hausten i samband med reinsjakta, prøvetaking av rein/hjort m.m. kan det verta aktuelt å engasjera ekstrahjelp eit par månader vidare utover hausten. Mykje av dette vil gjelda oppgåver som fjellstyret får refundert kostnader med frå andre instansar, etter dei same satsane som vert nytta for SNO-arbeid.

Aurland, den 31.5.17

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene,
Aurland folkebibliotek

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 23.5.17

Stad: Fjordsenteret

Sak 17/17. Trekking av hjortejakta i Nordheimsdalen, nedre jaktfelt

Saksutgreiing låg føre, saman med søknader frå 4 jaktlag.

Samrøystes vedtak:

Trekninga vart gjort i møtet, og jakta vart ut frå denne tildelt

Jim Mathias Sletten sitt jaktlag, med følgjande varaliste:

1. Ole Terje Tokvam
2. Kjartan Hovgaard
3. Birger Gjerløw

Sak 18/17. Opplegget for reinsjakta – kortsal, jegermøte, samjaktavtalar m.m.

Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret rykkjer inn ei lysing i Sogn Avis med påminning om søknadsfristen for reinsjakt i allmenningen. Det vert teke kontakt med Lærdal fjellstyre for å høyra om det er interesse for ein tosidig samjaktavtale over grensa Aurland /Lærdal. Dei to vinnarane av «Skrapdyrordninga 2016» får tildelt frie dyr i sone 1 i år. Fjellstyret vil vurdere ei meir lempeleg praktisering av jaktlagsordninga og ordninga med overføring av kort frå jeger til jeger i sak som vert førebudd til fjellstyremøtet i juni.

Sak 19/17. Opplegg for småviltjakta i Aurland statsallmenning for 2017

Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret fastset slike retningsliner for småviltjakta i Aurland statsallmenning for jakta:

- Jakttida for rype og hare vert 1.10. – 23.12.17
- Det vert fastsett dagskvote på rype, 1 fugl per jeger
- Det vert selt eit avgrensa tal jaktkort gjennom Inatur, med start i kortsalet den 1. september.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 23.5.17

Stad: Fjordsenteret

Kortsalet skal fordela seg på:

- 25 dagskort
- 25 2-dagarskort
- 20 3-dagarskort
- 10 vekekort
- 10 sesongkort

Avgrensinga i kortsalet gjeld ikkje for kortsamarbeidsområdet Myrdalen – Broksfjellet. Det vert selt jaktkort til innanbygdsbuande jegerar på fjellstyrekontoret. Fjellstyret kan, ut frå ryperegistreringar som vert gjort gjennom sommaren, vedta endringar i tal kort som vert lagde ut for sal.

Sak 20/17. Prisar på garnfiskekort og fiskekort for stong i Aurland statsallmenning
Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret fastset prisar for stong- og oterfiske i Aurland statsallmenning i samsvar med forslaget frå Aurland fiskeadministrasjon. Dette gjev følgjande prisar for fiske med stong og oter :

Dagskort:	60,-
3-dagarskort:	140,-
1 veke:	200,-
Sesong:	300,-

Sesongkort garnfiske (inkludert stong- og oterfiske) i Aurland statsallmenning:

1 garn: 350,- 2 garn: 380,- 3 garn: 410,- 4 garn: 440,- 5 garn: 470,-

Aurlandskortet (stongfiske alle soner) + Sesongkort garnfiske i Aurland statsallmenning:

Aurlandskortet	+ 1 garn:	550,-
«	+ 2 garn:	580,-
«	+ 3 garn:	610,-
«	+ 4 garn:	640,-
«	+ 5 garn:	670,-

Sesongkortprisen vert sett lik for innan- og utanbygdsbuande fiskarar.

Aurland, den 31.5.17

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene,
Aurland folkebibliotek